



Kirkerådet

Dato: 09.04.2018

Vår ref: 18/00070-14

Dykkar ref: 18/00123-5 ha769

Justering av hovudgudstenesta og alminnelige bestemmelser - uttale frå Øygarden sokneråd

Øygarden sokneråd gjorde i sak 15/18 slikt vedtak om uttale:

INNSPEL TIL HØRING: «JUSTERING AV HOVEDGUDSTJENESTEN...» (Høringsfrist:
10.april 2018)

A.INNLEIANDE MERKNADER

Den store *fleksibiliteten* i noverande ordning for hovudgudstenesta, meiner mange er utfordrande. Er det vanskeleg å erfare eit «vi» i folkekirkja, når valmuleheitene er så mange og forskjellege? Kyrkerådet ynskjer meir *fasthet* og *færre alternativ* (særleg i det som kyrkjelyden skal delta i). Slik vil ein løfta opp kjerneverdien «*gjenkjenning*» når ein deltar i gudstenester i ulike kyrkjer. Men det skal vera ein balanse opp mot «*valfridom*» og «*variasjon*». For Øygardens del kan justeringa av gudstenesteliturgien føre til ei innstramming og endring av nokre av den liturgiske musikken, samt at liturgiske ledd som er innarbeidde må gå ut.

B.HØRINGSSPØRSMÅL

- 1: Variert gudstenesteliv er bra, med ulike former for gudsteneste. Dei mange valfrie «kan»-ledda bør vidareførast.
- 2: Det vil framleis vere naturleg at *soknerådet* avgjer korleis liturgien skal utformast innanfor gitte rammer, og slik avgjere den lokale grunnordninga. Biskopen bør ha anledning til å samtykke til opplegg av søndagsgudstenesta som avvik frå gjeldande ordning.
- 3 e: *Samlingsbøna* er godt innarbeidd og har funne sin plass i svært mange kyrkjelydar. Likevel bør det være opp til den einskilde kyrkjelyd om ein vil nytta dette ledet som bør vera eit «kan»-ledd.
- 3 f: *Syndsvedkjennings* høyrer heime i starten av gudstenesta (jfr gammal tradisjon) saman med kyrie-ropet. Når kyrkjelyden trer fram for den heilage Gud, er det rett å starta med å bøya seg for Gud og sanna syndene.
- 3 i: Dagens bønn bør vera eit valfritt ledd.
- 4: Å innføre *hallelujaomkved* som fast ledd ved evangelielesinga, er å gå for langt. Her bør prinsippet om stadeigengjering (ulik gudstenestekultur) vega tyngst. Det bør absolutt vera mogeleg å ha bønevandring som ein del av nattverdfeiringa, noko som fungerer godt på

familiegudstenester.

- 5: Soknerådet bør kunne avgjera om ein skal nytta særkalkar og/eller intinksjon. Vedtaket bør fattast slik at liturgen kan tilpassa praksisen etter gudstenestetype. Når det gjeld bruk av orda «kropp» eller «lekam», og «kalk» eller «beger» bør kvar kyrkjelyd stå fritt. Når det gjeld spørsmålet om *takkofferet* skal inngå i nattverdliturgien (og ikkje i forbønsleddet) kan ein hevda at dette bør vera valfritt (vi seier jo: «Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn»). Men kommunikasjonsmessig er det uheldig å la takkofferet inngå i nattverden, då ein slik kan få inntrykk av at vi skal gje Gud noko – før vi får hans nåde (forteneste). Dermed bør takkofferet, som tidligare, vera siste ledd *før* nattverdliturgien. Elles er det noverande *avslutningsordet/erklæringsordet* etter nattverden ei god og dekkande oppsummering, som bør behaldast (gjerne utan alternativ).

6: Det er fint med ein forkorta bøn som kan nyttast ved behov.

7: Kyrkjelyden bør **stå** også under siste salme.

Med helsing
for Øygarden sokneråd

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Kirkerådet